

MØTEREFERAT

20 februar 2018 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Jørgen Sandbergshus, rom 1035

Til stades:

Inge Aareskjold Fiskvik

Inger Lingjerde

Kirsten Eikanger Mjelde

Svein Nord Kristiansen

Hjørdis Dahle

Dag Einar Liland

Ida Carlsen Eide

Agnar Berland

Trude Aarseth

Forfall

Joe R. Aserwatham

Frode Tony Bodin

Marianne C. Håheim

Sak 12/18 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse

Bergen Agnar Berland får ikkje tilsendt innkalling og sakspapir. Sekretariatet må sørge for at dette blir ordna.

Sak 13/18 Godkjenning av referat frå møte 23.01.17

Godkjent

Sak 14/18 Utviklingsplanen kap 4 v/ Svein Kristiansen og Dag Einar Liland

Saka vart utsett til neste møte

Sak 15/18 Brev frå Norges Blindeforbund- svar frå Brukarutvalet?

Utvalet er bekymra for planlagt flytting av operasjonar frå augeavdelinga til ØNH. Ved ØNH er det ikkje universell utforming. Det er heller ikkje satt av midlar til dette ved flytting frå Augebygget. Brukarutvalet meiner det er eit rimeleg krav at funksjonen ikkje blir flytta før universell utforming er sikra.

- Utvalet tar opp saka med vise. adm direktør på sak 16/18
- Leiar orienterer styret på møtet 2202
- Brukarutvalet(AU) utformer brev til sjukehus/avd. leing med kopi til Blindeforbundet

Sak 16 /18 Orientering om aktuelle saker i Helse Bergen v/ Anne Sissel Faugstad

Vise. Adm direktør Anne Sissel Faugstad orienterte om :

- Resultat- nesten i null i januar.
- Styremøtet denne veka:

Ny styresamansetting i alle føretaka, rapportering, mediabilde, styreinstruks, datterselskap, Status utviklingsplan, Protonsenter.

- Omorganiseringsprosjekta-

Ortopedisk rehabilitering saknar brakker. Reorganisering av HUD/Revmatologisk avdeling fungerer bra. Flytting auge, krav om tilgjenge !

Medisinsk avdeling har gitt frå seg store pasientgrupper til akuttmottak. Her er det snakk om fysisk flytting. Trenger isolatkapasiteten. Det er kapasitetsmøte kvar dag.

- Avisoppslag
- Tenesteavtale 4 og 8: Er saker på SU møta i februar. Det er om lag 50 ØHD senger. Finansiert frå spesialisthelsetenesta.

Når det gjelder avtale 8 er ansvaret dei 5 døgn etter fødsel det ein er usamde om.

Sak 17 /18 Prehospital plan v/ Jan Agdestein og Øyvind Østerås. Øyvind Østerås er ny leiar ved akuttmedisinsk seksjon.

Prehospital plan har blitt mykje meir enn før. Den har måtte bli tilpassa mot anna planarbeid som utviklingsplan og strategiplan.

Responstider har vore eit viktig spørsmål i arbeidet. Når ein ringer 113 skal ambulanse i grisgrendt strøk vera framme innan 25 min. I bystrøk innan 12 min. Definisjonane har ein og arbeidd med. Ein har vore oppteken av strategisk ambulansplassering. Sortert etter alvorsgrad rødt, gul og grønt. Utvalet tok saka til orientering

Foiler vedlagt

Sak 18/18 Sak brystdiagnostikk v/ Eldrerådet

Eldrerådet stilte følgjande spørsmål i mail 20 januar 2018

1. Om det vil bli etablert eigen røntgenavdeling i regi av Helse Bergen i Helsehuset i Nordhordland som nå blir etablert. I såfall vil ein etablere screening der ute? Sekretariatet ber Radiologisk avdeling om å kommentere dette.
2. Om det er planer om endring av aldersgrenser til også 70/74 og 45-49. Det vart kommentert at alder er nasjonalt bestemt og ikkje noko Helse Bergen kan vurdere på eiga hand. Saka vert sendt til Brukarutvalet i Helse Vest for oppfølging nasjonalt.

Sak 19 /18 Kvinnehelse v/ Løkeland

Brukarutvalet drøfta saka og konkluderte med: Brukarutvalet har tillit til at leiinga i Helse Bergen sikrar aktuelle brukarar eit fullgodt tilbod. Brukarutvalet meiner at tilbodet blir styrka gjennom dei prosessar ein no er i gang med.

Sak 20/18 vart ved ei inkurie ikkje nytta

Sak 21/18 Frå/til utvalet

- **Lik tilgang til informasjon og likeverd for Brukarutvalet ved deltaking i prosjekt.** Helse Bergen vil saman med Brukarutvalet gjere PCer tilgjengeleg for brukarane. Kostnad 1/3 frå Brukarutvalet og 2/3 frå Helse Bergen.
- **BUS prosjektet, Leppe, kjeve, gane.** Hvordan sikre pasientperspektivet i arbeidet med pasientforløp i BUS prosjektet. Hjørdis Dahle og Ida Carlsen Eide representerer brukarane. Helen Birknes er kontaktperson.
- **Prosjekt lokalisering av gynekologisk seksjon**
Det bør være ein frå Ungdomsrådet og ein frå Brukarutvalet i arbeidsgruppa. Bør vera den same frå Brukarutvalet i referansegruppa . Inger Lingjerde representerer Brukarutvalet

- **Representasjon frå eldrerådet i Brukarutvalet.**
Slik Brukarutvalet ser det er det ikkje utvalet si rolle å meine noko om kven som skal representere dei eldre i brukarutvalet.
- **Dokumentasjon honorering.** Sekretariatet har avklart med lønnskontoet at brukarane får lønsslipp heim kvar månad som gir oversikt over møtehonorar, reisegodtgjerdsle og ev. andre utbetalingar. Det vart stilt spørsmål om kven som skal ha ansvar for honorering av brukarmedverknad for forskingsprosjekt før dei eventuelt får tildelt forskingsmidlar. Ei sak for seksjon for helsetenesteutvikling.
- **Deltaking på møte frå adm.** Det kan være fornuftig å invitere Clara Gram Gjesdal eller Eivind Hansen til nokre møter.
- **Spørsmål om kven som drifter sjukehusklovnane og prosessen i Ibsensgate 118.** Anne Sissel Faugstad tok med seg spørsmåla og vil melde tilbake.

Sak 22/18 Eventuelt

- **Ida Carlsen Eide har vore med på video om brukarmedverknad.** Denne vert sendt til sekretariatet slik at ein kan sjå den på neste møte.
- **Ny befarings på BUS, energisenteret?**
Godkjent at Hjørdis Dahle/Ida Carlsen Eide kontakter Torill Vedeler for ny befarings.
Er påpeikte endringar gjennomført?
Er det fleire ting som bør gjerast.
- **Registersamling** 20 - 21 mars i Tromsø. Svein oversender invitasjonen til AU.